



Delta Bolig Prosjektering AS
Grøvlesvingen 29
5108 HORDVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/4160 - 16/3680

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
10.02.2016

Løyve til etablering av avløpsanlegg - gbnr 217/28 Romarheim

Administrativt vedtak. Saknr: 096/16

Tiltakshavar: Øyvind Vatne
Ansvarleg søkjar: Delta Bolig Prosjektering AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avløpsanlegg i samsvar med utsleppsløyve gjeve i **Administrativt vedtak. Saknr: 095/16**. Avløpet sakal reinsast i slamavskiljar og koplast på eksisterande utsleppsleidning til sjø.

Det vert elles vist til søknad motteken 14.12.2015 og supplert 08.01.2015.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då den vart mottatt. Trong for tilleggskdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 23.12.2015.

Dokumentasjon vart motteken ved e-post frå ansvarleg søkjar 08.01.2016.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 08.01.2016 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne datoen.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert hytteområde i kommuneplanen. Utanom hyttetomta ligg slamavskiljar og avløpsleining på areal sett av til næring. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering og påkopling er vist i kart motteke 19.11.2015, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Sjølv om eigedommen ligg i fareområde som kan vera utsett for skred , vil ikkje dette ha noko å seia for etablering av eit nedgrave avløpsanlegg

Vurdering etter naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa § 8 – 12 i naturmangfaldlova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå fylkesmannen i Hordaland.

Godkjenning etter anna lovverk

Tiltaket krev at det vert gitt løyve til tiltaket etter reglane i forureiningslova.

Søknad om utsleppsløyve vert handsama i eiga sak : **Administrativt vedtak. Saknr: 095/16**

Privatrettslege tilhøve

Tiltaket skal plasserast delvis på tiltakshavar si eiga tomt, delvis på eigedomen gbnr. 217/1 og delvis på eigedomen gbnr. 217/23, der avløpet skal koplast til eksisterande sjøleidning etter slamavskiljaren på denne eigedommen. Det ligg føre samtykke til plassering av slamavskiljar og røyr på gbnr 217/1 og avtale om legging av leidning, tilkopling til utsleppsleidning og framtidig vedlikehald.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt trinn for etablering av avløpsanlegg på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan motteken 19.11.2015. med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.
3. Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
4. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Godkjenning av føretak for ansvarsrett i samsvar med Pbl §§ 22-3, jf 21-4 (3).

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L*
SØK	T1	Ansvarleg søkar	Delta Boligprosjektering AS	988270065	S
PRO	T1	Sanitæranlegg	Stusdal VVS AS	912319164	S
PRO	T1	Grunnarbeid	Gunnar Stusdal Maskin	959474379	L
UTF	T1	Sanitæranlegg	Stusdal VVS AS	912319164	S
UTF	T1	Grunnarbeid	Gunnar Stusdal Maskin	959474379	L

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 15/4160**

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

- *Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.*
- *Avløpsanlegget med slamavskiljar, kummar og leidningar skal målast inn før pågraving og koordinatliste skal leverast med søknad om ferdigattest.*

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øyvind Vatne

Hallskaret 67

5117

ULSET

Mottakarar:

Delta Bolig Prosjektering AS

Grøvlesvingen 29

5108

HORDVIK